



**Tyskarane og framfor alt fiskande tyskarar har heilt siden på 1970-talet vore ein hjørnestein for Rabben Feriesenter. Det er Siggie Klemm frå Bayern som har sendt flest turistar hit. I år kjem han med omtrent like mange som i fjor, men det vert i tillegg eit lovande innrykk frå eit anna selskap, opplysar Magne Heggøy til uskedalen.no**

Dei fyrste tyskarane kjem allereie 4. mai og til 17. mai kjem Klemm og legg beslag på 3 hytter. I juni er det nesen fullt og belegget av tyskarar er også svært bra i juli.

Det kan ikkje minst tilskrivas at selskapet Angelreisen med adresse Berlin har kome sterkt inn i biletet. Dei har sendt turistar til Rabben i aukande tal dei siste 2 åra og i år vil talet auka ytterlegare.

Dette er eit selskap som har spesialisert seg på fisketurar til mange land og som mellom anna opererer heilt opp til Finmark.

At dei satsar på Rabben er meir eller mindre tilfeldig, Dei kom innom på eige initiativ då dei leitte etter ein eigna stad i vårt område.

Biletet:: Siggie og Steinar er gode vener. Her grillar dei saman

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen